



PROTOKOLL

Årsmøte for Leikanger Båtlag

Stad: Leikanger Fjordhotell, torsdag 19. mars 2026; etter årsmøtet

23 medlemar møtte.

1. Orientering frå styret

- Vedlikehald av hamneanlegget føreset at medlemar stiller på dugnad.
- Ved innkalling til dugnad får ein høve til å kjøpe seg fri for kr. 2.000.
- Styret følgjer opp dugnadslistar og handtering av oppmøte / uteblitt oppmøte.
- Gruppear må melde frå dersom ein treng fleire på dugnadslistene.
- Den enkelte har sjølv ansvar for stell og rydding rundt eigen båt/hengar på opplagsområdet vest for vestre hamn.
- Dei som nyttar slippen har sjølv ansvar for rydding og fjerning av avfall.
- Det bør vere unødvendig å purre på for å få innbetalingar av kontingent og straum, eller diskutere prisnivå på straum og diesel.
- Styret har gjort vedtak om årleg godgjerdsele kr. 20.000 til kasserar.
- Forsikring og fortøyning: Kontroll av anlegget utført av dykkar. Fotografering og dokumentasjon, slik at båtlaget har dette i tilfelle forsikringssak. Vi sjekkar om dette vil gi lågare forsikringspremie.

2. Dugnad 2026

Ingen store investeringar planlagt, men viktig med løpande vedlikehald av anlegget for å halde dette ved like. Aktuelle dugnadsoppgåver 2026:

- Rydding, stell og vedlikehald. Dette skal vere klart til 17. mai
- Byte ut ein del material på kaianlegg
- Opprydding på opplagsområdet vest for vestre hamn
- El-dugnad: Trekking av nye leidningar til kaiane i austre hamn
- Fjerne og ev. erstatte pullertar i gjestekaien
- Skrape skjel på brygger og kaianlegg
- Taustumpar og avlastingsfjærer fulle av skjel og groe bør fjernast
- Eigar av båtplass er oppmoda om å fjerne tau og halde tilsyn med eigen plass. Om dette ikkje vert utført av plasseigar vil hamnenemnda fjerne dette.
- Vi gjer tilgjengeleg utstyr for skjelskraping for medlemar som ønskjer det
- Aluminiumsbåten til jakt og fiskelaget kan nyttast til skraping og ymse vedlikehald. Kontakt Bjarne for å nytte denne.
- Gjennomføre prøveprosjekt støype og montere daumann på austre hamn A3 og vestre hamn V1
- Sirkla vil heretter køyre ned i anlegget og tømme avfallsdunken. I veke 17-39 tøming ein gang pr. veke, resten av året er kvar 2. veke.
- Eventuelt støype ferdig kanten på vestre hamn
- Ut over dette ingen større aktivitetar planlagt. Dvs. medlemar vil i praksis verte innkalla til dugnad om lag kvart 3 år

3) Ymse

- Omklassering av båt. Styret følgjer opp denne, og har to aktuelle alternativ.

Svein Helge Steinsåker/referent

Bjarne Sjøthun/leiar